

## **Referat frå soknerådsmøte onsdag 28/8-24, kl. 17-19.30 på Solhaug.**

**Til stades:** Stian Holte, Katrine Burmester, Carina Syvertsen Pedersen, Hilde Roksund, Marie H. Nordli, Nils Steinar Stavsholt var med på sak 66/24, sak 73/24, sak 69/24, sak 70/24, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen var med på sak 70/24, sak 71/24, sak 72/24, og sak 67/24 og sak 68/24, og sokneprest Ragnhild Halden. Dorota Rybka-Giers var med på sak 73/24 og Frøydis Holte var med på sak 70/24.

### **Sak 66/24: Godkjenning av innkalling.**

**Vedtak:** Innkallinga vart godkjent.

### **Sak 67/24: Godkjenning av referat.**

**Vedtak:** Referat frå felles soknerådsmøte for Nome vart godkjent.

### **Sak 68/24: Orienteringar.**

Oppfølging av møtet med Holla og Helgen i juni. Kyrkjelydsblad. Kyrkjebenkar.

Holla hadde ynskje om at Lunde og Flåbygd kunne stille med sjåførar til felles gudstenester i Holla. Dette for å kunne ta med bebuarar ved mottaket som ynskjer å koma til gudsteneste. Holla må ta kontakt direkte ved behov, Lunde og Flåbygd kan ikkje organisere ei slik ordning.

Ragnhild informerte om at før gudstenesta den 6.10., vil nokre av dei bakerste kyrkjebenkane, bli fjerna, og det blir satt inn bord og stolar der. Tyri vil bli spesielt invitert til denne gudstenesta, og det vil bli gitt ein offisiell takk for gåvene frå Tyri bedehus.

Saken ang. Kyrkjelydsbladet utsetjast.

### **Sak 69/24: Familie- og aktivitetsdagen på Solhaug 29/9.**

Nils Steinar Stavsholt informerte om opplegget for dagen. Det blir 3 hovuddelar.

1.del - Gudsteneste 11-12, m/Ragnhild, Frøydis, Dorota og kyrkjetenar. Ofring denne dagen går til utgiftene for dagen.

2.del - Aktivitetsdag 12-14.30, vil bestå av aktivitetar både ute og inne. Det blir delt ut lodd til alle som er med på aktivitetane, med premie til alle. Det blir også kaffe/kake, pølse/brus/is, popcorn, sukkerspinn og liknande.

3.del - Avslutning inne, trekning av vinnar på dagens gjettekonkurranse, og enkelt program.

**Vedtak:** Lage plakatar og marknadsføre dagen på førehand.

### **Sak 70/24: Vurdere og eventuelt endre og godkjenne «Plan for kirkemusikk i Lunde og Flåbygd menighet»**

Organist Frøydis Holte er med på denne saken. Frøydis går gjennom planen saman med soknerådet, og planen blir i samarbeid med soknerådet ferdigstilt med enkelte endringar.

**Vedtak:** Soknerådet vedtar å sette av kr. 15.000 (auka frå kr. 10.000) til musikalske innslag i kyrkjelege handlingar kvart år. Dette på grunn av bl.a. høgare honorar til gjesteartistar, fleire arrangement bl.a. fleire konfirmasjonsgudstjenester. Frøydis redigerer og ferdigstiller «Plan for kirkemusikk i Lunde og Flåbygd menighet» og vidareformidler til rette instans.

### **Sak 71/24: Behandle prostens forslag til ny gudstenesteforordning.**

Sokneprest Ragnhild Halden orienterar om saken. På grunn av nedskjæringar, - stram økonomi og redusert prestestilling, skal gudstenestene kuttast ned frå 56 til 52 i året.

Prosten har sendt ut eit forslag til forordning for sokna i Nome.

Ragnhild har laga eit forslag med litt justeringar som ho har med på møtet.

Lunde og Flåbygd sokn har barn- og ungdomsarbeid som eit satsingsområde. Det er eit ynskje om å bruke Solhaug menighetshus i større grad enn før, spesielt med tanke på familie-gudstjenester. Dette fordi ein meiner det er ein betre tilrettelagt stad å bruke for trosopplæringstiltak, det er ofte mat/matlagning med i denne samanheng, noko som det eignar seg godt for å legge til rette for på Solhaug. Terskelen for å få med barn og unge er også lågare for å koma til Solhaug enn til kyrkja for mange. På sommaren er det ynskje om å bruke dei mindre kyrkjene i soknet fortsatt.

**Vedtak:** Soknerådet støttar å bruke den malen/oppsett over gudstjenester som Ragnhild har utarbeida for Lunde og Flåbygd sokn.

Ragnhild gir prost Asgeir Sele tilbakemelding om soknerådets vedtak.

### **Sak 72/24: Forspørsel om teater i kirken; JA, FRØKEN NILSEN- EI FORESTILLING OM MEDMENNESKET (Sjå eigen e-post)**

**Vedtak:** Soknerådet stiller seg positive til å framføre teateret, og ser det som naturleg å gjennomføre i samarbeid med Holla. Ein ynskjer å ha to framføringar, ein for konfirmantane i Lunde og Holla, og ein der alle kan kome.

Etter ynskje frå scenekunstnar og forfattar Randi Mossing vil ein gjerne bruke Lunde kyrkje.

### **Sak 73/24: Supertorsdag og Fidus vidare.**

Ungdomsarbeidar og trosopplærar Dorota Rybka-Giers var med under behandling av denne saken. Dorota informerte soknerådet om opplegget rundt Supertorsdag og Fidus. Det er behov for fleire voksne på desse arrangementa, noko det blir jobba aktivt med å få til. På Supertorsdag kan ho klare å vera aleine med inntil 10-12 barn, med hjelp av Maja (datter).

Oppstart Supertorsdag 5. september. Fidus startar opp fredag 6.september, og vidare kvar 2.veke i partallsveker. Dorota har delteke på kurs i forhold til opplegg for Supertorsdag. Supertorsdag vil delta bl.a. på hausttakkefesten,

familiegudsteneste/aktivitetsdag på Solhaug. Det er også eit ynskje om å kunne invitere andre til å halde andakt på Fidus enkelte gonger.

**Vedtak:** Trosopplærar lagar og setter opp vaktliste for Fidus. Jobbe aktivt for at ungdomane i aktuell alder, - frå 7. til 10.trinn blir gjort kjendt med tilbudet.

Dorota undersøker nærmare med kyrkjeverge/søndagsskulen kor mykje som er aktuelt å ta i kontingent for å delta på Fidus, og korleis kontigenten skal betalast av medlemmene.

Dele ut folder med informasjon om barne- og ungdomsarbeidet som finnes i soknet, for å prøve å nå fram til og rekruttere nye som kan være med å delta i arbeidet på Fidus.

**Sak 74/24: Eventuelt.**

Ingen saker.

Sokneprest Ragnhild Halden avslutta møtet med neste søndags tekst som handlar om Marta og Maria – to måtar å være disippel på. Luk 10. 38-42 og bøna «Fader vår»

**Neste møte:** Onsdag 25.09.24, kl.17-19:30 på Solhaug.

Skrivar: Marie H. Nordli, Lunde 2/9-24.